



Austrheim
KOMMUNE

Vedtekter for skulefritidsordninga i

Austrheim kommune

Revidert 15. februar 2024
Med verknad frå 1. august 2024
Vedtatt i kommunestyret 2024

opne landskap, ope sinn

Føremål

Vedtektene skal vere:

- ein styringsreiskap for rektorar og SFO-leiarar
- eit grunnlag for informasjon til foreldre
- eit grunnlag for satsingsområde og vurdering av kvalitet i SFO

Lovgrunnlag

SFO er heimla i opplæringslova §4-5. (gjeld frå 1/8-2024)

"Kommunen skal ha tilbod om skolefritidsordning før og etter skoletid for elevar på 1. til 4. trinn og for barn med særlege behov på 1. til 7. trinn. Kommunen kan krevje at foreldra dekkjer kostnadane til skolefritidsordninga.

Kommunen skal leggje til rette for leik, kultur- og fritidsaktivitetar i skolefritidsordninga. Aktivitetane skal vere tilpassa alderen, funksjonsevna og interessene til barna. I skolefritidsordninga skal barna få omsorg og bli passa godt på, og barn med nedsett funksjonsevne skal få gode utviklingsvilkår.

Når skolefritidsordninga er knytt til skolar, skal rektor vere leiar. Kommunen kan gjere unntak frå kravet.

Kommunen kan nytte private til å drive skolefritidsordninga.

Kommunen gir forskrift om skolefritidsordninga. Forskrifta skal ha reglar om:

- a. eigarforhold*
- b. kven som er opptaksmyndigheit*
- c. opptakskriterium*
- d. opptaksperiode og oppseiing*
- e. foreldrebetaling*
- f. leike- og opphaldsareal*
- g. dagleg opphaldstid og årleg opningstid*
- h. personale og leiing»*

Departementet kan gi forskrift om gratis skolefritidsordning, moderasjonsordningar og om innhald og oppgåver for skolefritidsordninga.

Andre aktuelle paragrafar i opplæringslova:

Opplæringslova § 17-11 Politiattest og forbod mot tilsetjing.

«Kommunen og fylkeskommunen skal krevje politiattest av dei som skal tilsetjast fast eller mellombels i grunnskolen, den vidaregåande skolen, i skolefritidsordninga, leksehjelpa, kulturskolen eller skoleliknande aktivitetstilbod. Den som skal tilsetjast fast eller mellombels i leirskole, må også leggje fram politiattest.

Kommunen og fylkeskommunen kan krevje politiattest av personar som skal ha praksis på skolane og andre stader der tilboda som nemnde i første ledd blir gitt. Når det skal vurderast om ein person som skal ha praksis, skal leggje fram politiattest, skal det leggjast vekt på om det alt er utført vandelskontroll etter eit anna regelverk, kor lang praksisopphaldet skal vere, og kor mykje kontakt personen skal ha med elevar.

Kommunen og fylkeskommunen kan krevje politiattest av personar som skal utføre oppgåver ved skolane og andre stader der tilboda som nemnde i første ledd blir gitt.

Politiattesten skal innehalde dei merknadene som politiregisterloven § 39 første ledd fastset. I tillegg skal politiattesten innehalde merknader som reaksjonar for brot på straffeloven (2005) §§ 251, 252, 253, 254, 255, 256, 263, 264, 272, 273, 284 og 285, straffeloven (1902) §§ 222, 223, 227, 228 andre ledd, 229 og lov 15. desember 1995 nr. 74 om forbod mot kjønnslemlestelse §§ 1 og 2. Merknader om reaksjonar for brot på desse straffeboda skal i ordinær politiattest oppgis i samsvar med politiregisterloven § 40.

Personar som er dømde for eller har vedtatt førelegg for seksuelle overgrep mot mindreårige, skal ikkje tilsetjast eller ha praksis i skolar eller tilbod som nemnde i første ledd.

Dersom politiattesten inneheld merknader om verserande sak eller andre straffebrot enn dei som er nemnde i femte ledd, skal det vurderast konkret om personen bør tilsetjast, ha praksis eller utføre oppgåver i skolar eller tilbod som nemnde i første ledd.

Departementet gir forskrift om politiattest, og kva for straffebod som skal vere omfatta av femte ledd. Departementet kan også gi forskrift om innhenting og behandling av politiattest.»

Opplæringslova kapittel 12- Skolemiljøet til elevane

Kapittelet gjeld for skolen, leksehjelpordninga og skolefritidsordninga.

Opplæringslova §22-4 Bruk av forvaltningslova

Forvaltningslova §§ 13 til 13e og § 13 g om teieplikt gjeld for private skolar som er godkjente etter § 22-1.

Mål

- Skulefritidsordninga skal vere eit omsorgs- og fritidstilbod for barn i 1. – 4.

klasse (1.-7. klasse for funksjonshemma barn) i samband med skuledagen.

- Skulefritidsordninga skal bidra til større heilskap og samanheng i barna sin kvardag gjennom eit nært samarbeid mellom heim, skule og kultur/fritidstiltak i nærmiljøet.
- Læring av omsorg og ansvar for kvarandre gjennom leik og andre sosiale aktivitetar skal stå sentralt i skulefritidsordninga.
- Skulefritidsordninga skal vere eit positivt element i, og ein integrert del av skulekvardagen, slik at ein får til ein heilskap i skuledagen for elevane som nyttar seg av tilbodet.
- Rammeplanen SFO skal bidra til eit meir likeverdig tilbod. Den enkelte SFO skal utarbeide ein årsplan, eller ein tilsvarande plan, som skal vise korleis SFO omset rammeplanen sitt verdigrunnlag og innhald i praksis.

Styre

- Austrheim kommune eig og driv skulefritidsordningar ved barneskulane i kommunen. Formannskapet er øvste styre for skulefritidsordninga. Kommunestyret godkjenner vedtektene.
- SFO har ein foreldrerepresentant i Samarbeidsutvalet.
- Leiar for SFO og foreldrerepresentant valt av foreldremøte i SFO har møterett og stemmerett i samarbeidsutvalet i saker som vedkjem SFO.

Ansvar og administrasjon

- Rektor har det administrative og pedagogiske ansvaret for skulefritidsordninga. Rektor har ansvaret for å sikre og ivareta heilskapen mellom skule og SFO.
- Leiar for ordninga har ansvaret for tilbod og innhald i aktivitetane.

Gruppestorleik - bemanning

- Til vanleg skal bemanninga i gjennomsnitt vere 1 vaksen pr. 12 barn i SFO. Bemanninga skal vere forsvarleg i høve til gruppestorleik, og må vurderast fortløpande.
- Barn med spesielle behov kan utløyse ekstra bemanning. Sakkunnig vurdering frå PPT er naudsynt for å få ekstra ressursar.

Samarbeid med kulturskulen og frivillige organisasjonar

- Musikk og kulturskuletilbodet til elevane må i størst mogleg grad leggjast til tida då elevane er i ordninga.

- Dei frivillige organisasjonane bør ha høve til å gje tilbod til SFO etter egne avtalar.

Opningstid (gjeld frå 01.08.2025)

SFO vil vera open alle virkedagar, 11 månader i året, men unntak av fem planleggingsdagar, jul- og nyttårsaftan. Virkedagar er måndag til fredag. SFO er steng 4 veker i juli måned. Skule- og barnehageruta vert godkjent i samarbeidsutvalet kvart år.

Dagleg opningstid for SFO vert frå kl. 07.30 – 16.30. Det vert mogleg for samarbeids-utvalet ved den einskilde skule å tilpasse opningstida.

Plasstypar

Frå 01.01.2024 gjeld følgjande satsar for 4. trinn: (prisane vert redusert med 25% frå 1.august 2024. Dei nye satsane står i parentes)

Prisar på SFO-plass

Betalingssats nummer 1	Kroner
Korttidsplass (0 - 10 timar per veke)	1.820,- per måned (ny pris: 1.365,-)
Betalingssats nummer 2	Kroner
(10,5 - 14 timar per veke)	2.540,- per måned (ny pris: 1.905,-)
Betalingssats nummer 3	Kroner
(14 time og oppover per veke)	3.340,- per måned (ny pris: 2.505,-)

Frå 01.01.2024 gjeld følgjande satsar for 1. og 2. trinn, som har 12 timars gratis SFO, og betalar for det som eventuelt er overskytande.

Frå 01.08.2024 gjeld følgjande satsar for 1. -3. trinn, som har 12 timars gratis SFO, og betalar for det som eventuelt er overskytande.

Prisar på SFO-plass

Gratis kjernetid i SFO	Kroner
12 timar gratis SFO for elevar i 1. -3. klasse. Blir gitt rett etter skuleslutt, med 2,5 timar måndag til torsdag, og 2 timar fredag.	Gratis

Betalingssats nummer 1	Kroner
Gratis kjernetid, utvida med morgon-SFO. 12 timar gratis pluss inntil 5,5 timar betalt SFO.	890,-
Betalingssats nummer 2	Kroner
Gratis kjernetid, utvida med ettermiddag-SFO. 12 timar gratis pluss inntil 5 timar betalt SFO.	890,- per måned
Betalingssats nummer 3	Kroner
Gratis kjernetid, utvida med morgon- og ettermiddags-SFO. 12 timar gratis pluss inntil 10,5 timar betalt.	1.780,- per måned

Frå hausten 2022 fekk elevar i 1. klasse gratis SFO i 12 timar pr. veke.

- Frå hausten 2023 fekk elevar i 2. klasse gratis SFO i 12 timar pr. veke.
- Søskenmoderasjon: Det vert gitt 30% søskenmoderasjon
- Det er moderasjonsordning for redusert foreldrebetaling i SFO for hushald med låg inntekt
- Ekstra dag i SFO: kr. 345,- pr. dag
- Kjøp av ekstratimar: kr. 124,- pr time
- Evt. matpengar kjem utanom.
- For sein henting: kr 182,- (per 15 minutt for sein)

Skyss

Skulefritidsordninga er eit frivillig tilbod før og etter skuletid, og elevar i SFO har ingen særskild rett til skyss til og frå SFO utanom ordinær skuleskyss.

Tryggleik

Det gjeld same krav til tryggleik for barn i SFO som for barn i skulen. Den enkelte skule/ SFO utarbeider rutinar for tryggleik. Skader som oppstår i SFO kjem inn under dei same ordningar som skulen har.

Lokale og hjelpemiddel

- Skulefritidsordninga skal ha fast base.

- SFO kan i tillegg nytte ledige klasserom, spesialrom og skulen sitt uteområde.
- Skulen og skulefritidsordninga finn tenlege løysingar på sambruk av hjelpemiddel, materiell og utstyr.

Måltid

Enkle måltid vert finansiert av foreldra etter egne satsar som vert vedtatt i dei lokale styra for den einskilde SFO.

Opptak

- Påmelding vert å sende til skulen innan 1. april. (gjeld frå 2025)
- Dersom det er fleire søkjarar enn det er plass til i SFO, skal følgjande kriterium gjelde:
 1. funksjonshemma elevar har førerett
 2. yngre elevar har førerett framfor eldre
- Tildeling av plass gjeld for eit skuleår
- Det er tre – 3 – månaders oppseiingstid.
- Ved særlege grunnar kan det søkjast fritak for betaling. Rektor tek avgjerd.
- Dersom det av spesielle grunnar skulle vere trong for å auke eller redusere timetalet, må skriftleg søknad sendast skulen. Rektor tek avgjerd i samråd med SFO-leiar.
- Foreldra skal ha melding frå skulen om plass innan 31. mai. Foreldra skal orienterast om retningslinjer og vedtekter for SFO. Orienteringa skal også omfatte betalingsatsar.

Finansiering/økonomi

- SFO vert finansiert ved kommunal støtte i tråd med budsjettvedtak og ved foreldre-betaling. SFO skal samla drivast i balanse. Kostnadene med heilårsdrift vil krevje kommunal subsidiering dersom SFO skal gå i balanse.
- Austrheim kommunestyre fastset foreldrebetalinga for kvart budsjettår i samsvar med sjølvkostprinsippet, og vedtek eventuell ordning med søskenmoderasjon. Gjeldande takstar skal stå i søknadsskjema.
- Kvar SFO kan avgjera om dei vil selja lause timar, og dei fastset egne satsar for ev. tur- og matpengar.
- Dersom barn vert henta etter ordinær stengetid i SFO, må føresette betale eit gebyr. Formannskapet har mynde til å fastsetje storleik på gebyret og nærare retningsliner kring bruken av gebyret.

- Med unnatak som følgjer av andre punkt i desse vedtektene, er kvar SFO å sjå på som eit ansvarsområde innanfor skulen som resultateining.
- Det vert søskenmoderasjon på 30%.

Evaluering

- Vedtektene for SFO skal drøftast årleg i samarbeidsutvalet, og reviderast kvart år. Vedtektene er gjeldande frå den dato kommunestyret gjer vedtak.

Merknad:

Frå 01.08.2025 Vert SFO- tilbodet i sin heilskap organisert på kvar einskild skule.